

**Til Cowi A/S v/Stig Steinsbø.**

**Kopi til Meland kommune v/Harry Finseth.**

**Vedk. Meland kommune. Grønlandsfeltet. Oppgradering VA-anlegg.**

Syner til tidlegare mottatt nabovarsel for nemde anlegg. Eg er klar over at dei merknader eg nå kjem med er for seint i høve til nabovarsel, men konsulent og utbyggjar bør vurdere mine merknader nøye. Dersom dei vert følgd, vil kommunen spara mange pengar og mange huseigarar i området vil unngå vanskar og kostnader..

Arbeidet som er planlagd utført, er å skifte ut spillvassleidningar og vassleidningar i heile området samt å leggje ein separert drensleidning i same grøft som spill-og vassleidning.

Bustadfeltet har i dag vassleidning av til dels dårleg kvalitet og treng utskifting. I tillegg er det ein spillvassleidning som sannsynlegvis for einskilte eigedomar og er nytta som drensleidning for tomtene slik at denne leidningen i dag fungerer som ein kombinert spill-og drensleidning. Denne leidningen er og til dels av dårleg kvalitet og ny spillvassleidning bør sjølvsgd byggjast.

Det eg set spørsmål med er om det bør byggjast ny drensleidning overalt. Dei fleste bustadområder i Meland har i dag drenering til terreng /bekk for overflatevatn og drenering til grunn for takvatn og drensvatn frå bygg. Dette gjeld og delvis for Grønlandsfeltet. Då dette feltet vart utbygd, gav kommunen løyve til at drensvatn og takvatn kunne førast inn på spillvassleidningen. Langt frå alle gjorde dette. Min eigedom har for.eks. ikkje slik tilknytning då alt drensvatn og takvatn vert drenert til eigen tomt. Dette gjeld og nok for mange eigedomar utan at eg har oversyn over kor mange. Dette bør undersøkjast nærare. Eg skulle tru at sidan det her er så store eigedomar kan dei fleste eigedomar drenere takvatn og drensvatn for bygg ut i grunnen på eigen tomt og vil derfor ikkje ha trong for nokon felles drensleidning. Kva eigedomar dette gjeld bør undersøkjast nærare, men eg vil tru at samtlige eigedomar som har adresse Grønlandsvegen kan drenere til eigen grunn. Sannsynlegvis vil fleire eigedomar med adresse Grønland gjere det same.

Dersom eigedomane sitt drensvatn blir drenert til eigen grunn vil det ikkje vera trong for nokon felles drensleidning overalt. I dette feltet er det på kvar side av tilkomstvegen eit grøntområde med ein breidde på om lag 1,5m som er tenkt nytta som plassering av snø ved brøyting, plassering av kommunalt leidningsnett samt å kunne drenere avrenning frå veggen ut i terrenget. Dette har til nå fungert fint.

Etter mi meining er det derfor berre trong for drensleidning frå sjøen og opp til kum O17 ved gnr. 23 bnr.174eventuelt bort til grensa til gnr. 23 bnr.120 langs gåvegen ved lekeplassen. Drensleidning for resten av området er det ikkje trong for og bør derfor sløyfast.

Mitt råd er derfor:

1. Ta kontakt med alle grunneigarar og undersøk kva drensssystem dei har og gi eventuelle råd om korleis dei kan drenere til eigen tomt utan å drenere til felles drensleidning.
2. Når slik kartlegging er gjort, bør ein på nytt vurdere trongen for drensleidning. Dersom fleirtalet ynskjer drensleidning i staden for drenering på eigen tomt, bør drensleidning byggjast og dei som ynskjer slik leidning knyter då sitt drensvatn til denne og utfører dei anleggsmessige arbeid og tar den kostnaden dette medfører på eigen tomt. Dei som i dag har drenering til eigen tomt og er vel nøgd med det, bør sleppe å drenere til felles drensleidning og såleis unngå kostnader og graving inne på ferdig opparbeidd tomteareal.
3. Før anlegg startar opp i nærområdet bør alle eigedomseigarar få ein detaljert framdriftsplan slik at dei kan tilpassa seg anleggsarbeidet best mogeleg.

Frekhaug 19.01.16.

Mvh.

Jens Bjordal ,Grønlandsvegen 11.Eigar av gnr. 23 bnr. 117.